

Årsmøte søndag 3. mars

Orienteringssaker:

Drift av hovudlaget – økonomi

Aktivitet i gruppene- Friidrettsgruppa og EIL Turglede

Sponsorarbeid 2024-2028

Utstysleverandør 2024-2028

Status på årsmøtesaker 2023 :

Klubbuss

Trygg på trening

Felles Informasjon /kommunikasjonsplattform i EIL : Spond

Allidrett

Årsmøtesaker – søndag 3.Mars

Sak 1. Medlemskontigent i EIL 2025-2026- forslag frå EIL hovedstyret

Medlemskontigent for familie er kr. 400,-.

Medlemskontigent for vaksen/ over 18 år - kr. 200,-.

Medlemskontigent for barn/ under 18 år - kr. 100,-.

Framlegg : prisane blir uendra for dei 2 neste åra

Sak 2. Gratis treningsavgift i EIL frå 0-19 år. Forslag frå EIL hovudstyret

Vi ser utviklinga i samfunnet – vi ser andre idrettslag som slit og vi kjenner på dyrtid. EIL ynskjer å bidra til at barn og unge kan delta uavhengig av økonomi. Dette vil også slå positivt ut på at same barn kan gå på fleire aktivitetar uavhengig av økonomi.

Vi vil hindre utanforskap og vi håper på at vi på denne måten kan rekruttere fleire inn i EIL.

Kort sagt er dette eit tiltak for å auke aktivitet, jobbe for inkludering, bidra til bulyst samt marknadsføre bygda som ein god plass for barn og unge å vokse opp.

Det har lykkas EIL å auke inntektene både ved meir sponsorinntekt, innteksbringande tiltak samt bygge om kontostrukturen slik at meir pengar står på same konto med høgare rentevilkår.

Ved å nytte fordelene med organisasjonsstrukturen vår har vi finansielle musklar til å gjennomføre eit slikt tiltaket med gratis treningsavgift.

Senioridrett og ETS er ikkje omfatta av dette tilbudet.

Framlegg : Vi ber om at årsmøte støtter tiltaket – slik det ligg føre.

NB. Årskontigent og innmelding er framleis viktig og fungerer som før, då ein del av inntektene til EIL er basert på betalende medlemmar.

Sak 3. Arena Eikefjord – forslag frå EIL hovudstyret

EIL ynskjer å utvikle eksisterande anlegg (grasbane/friidrettsanlegg) til ein ny og tidsriktig aktivitetsarena. Gjennom dialog med gruppene i EIL og bygda / lag og organisasjonar ynskjer vi å utvikle området til eit framtidsretta anlegg som vil passe alle aldersgrupper. Området er eigd av Kinn kommune og det føreset at vi får til ein avtale om utvikling/omregulering av anlegget slik vi ynskjer det.

Framlegg:

EIL hovudstyret ber årsmøte om tilslutning til å prosjektere og starte opp arbeid på ein ny aktivitetspark, samt gå i dialog med Kinn kommune.

Sak 4.Kioskdrift i idrettslaget – forslag frå EIL Fotballgruppa

Framlegg:

Fotballen ønskjer at det blir satt felles prisliste for all kioskdrift i idrettslaget, dette for å jamne ut forskjellane det kan vere på kampar, turneringar etc..

Det er også ønskeleg at ein felles kan sjå på alt frå retningslinjer ved bruk av kiosk i hallen, sjekklister for reinhald av kiosken i hallen, utstyr i kiosk i hallen, innkjøp av kaffikonteinarar, vatnkanner etc. som kan brukast av alle gruppene.

Det bør opprettast ei arbeidsgruppe med representantar frå gruppene til dette.

Hovudlaget: EIL hovudstyret støtter framlegget og oppmodar gruppene til samarbeid om dette. EIL hovudstyret tar kostnaden ved innkjøp av evt. utstyr.

Sak 5.Felles årsfest for 0-17 år – forslag frå EIL Fotball

Bakgrunn: Mange av gruppene har årsfest for sine aktivitetar. Vi «kjempar» om dei same ungane og dei same familiare. Etter corona er tid for kvar enkelt blitt hellig, dette merkast både på dugnadsarbeid, fråfall i idretten etc.. Det er vanskeleg å samle og vanskeleg for å få det til å passe inn i all aktivitet som ein driv med i Eikefjord idrettslag.

Vi veit at nokre av gruppene har tradisjonar som går langt tilbake i tid og at det kan vere vanskeleg å trå ut av disse tradisjonane, men det er tid for å tenke at det er vi, ikkje oss eller dei. Vi er eit idrettslag!

Framlegg:

Det blir satt ned ei arbeidsgruppe med representantar frå kvar gruppe som saman blir einige om når på året, storleiken etc..

Hovedlaget : EIL hovudstyret støtter forslaget.

Sak 6. Media og kommunikasjonsansvarleg i klubb – forslag frå EIL Fotball

Bakgrunn: Vi manglar media- og kommunikasjonskribent då vi ser at publisering av saker ikkje blir presentert på ein god måte. Gjeld reportasjar, publisering av arrangement, aktivitet og hendingar i klubb. Ingen/ lav aktivitet på heimeside og på sosiale medium.

Framlegg:

Dei gode episodane i klubben og skape engasjement for idretten og laget generelt. Det bør engasjerast nokon i klubben som server klubben med god omtale som eksempelvis ein ansvarleg person.

Hovudlaget : Vi er heilt einige om at vi marknadsfører EIL for dårleg – ikkje minst dei gode historiene. Vi er i dialog med ein profesjonell aktør for ein marknadsføring-case (Vokal). Vi ser ei utfordring i dette om korleis vi skal løyse skrivinga utan å måtte tilsette folk som skal ha dette som jobb. Vi ber om innspel frå årsmøtet.

Sak 7. Kommunikasjonsplattform i idrettslaget – forslag frå EIL Fotball

Teams/ idrettens sharepoint fungerer ikkje som tiltenkt og ynskje er å kommunisere med hovudlag og særiddrettane på ein annan måte. Dele felles skriv, dokument, møtereferat ol.

Framlegg

Sørge for at Teams og sharepoint-plattformen kan nyttast som tenkt når det vart implementert.

Hovudlaget.

Vi ser utfordringa og ynskjer at det nye styret får fullmakt til å komme med forslag til løysing og ikkje minst ein plan for gjennomføring.

Sak 8. Nettverk Eikefjord stadion- forslag frå EIL Fotball

Bakgrunn: Ved møteaktivitet og arrangement som er 3-4 ganger i veka i Kvalvikdalen idrettspark har ein ikkje nettverk slik at møter og arrangement ikkje fungerer slik fotballen ynskjer. Ved arrangement kunne ein ha nytta izettle, men det krev nettverk. Nyttar kun Vipps i dag. Og ved møter nyttast privat 4G. Når det er om lag 100 lag på ei turnering krev det meir enn berre vipps eksempelvis.

Framlegg: Få montert nettverk i klubbhus, samt kiosk, slik at ein får nytta betalingsterminal med god kapasitet til å møte den etterkvart digitaliserte kvardagen. Nytte izettle ved turneringar, arrangement og ved framvising av videoar i forbindelse med møter med trenarar, krets ol.

Hovedlaget : EIL hovedstyret har lagt dette inn i arbeidet med ny kiosk på stadion og blir eit samarbeid med den nye sponsoren vår Enivest.

Sak 9 . Kaldhall – Eikefjord stadion – forslag frå EIL Fotball

Fotballgruppa ynskjer at hovudlaget søkjer om midlar via t.d. Sparebanken Sogn og Fjordane til ein kaldhall med plassering Eikefjord stadion.

Ein kaldhall vil løyse fotballgruppa sitt behov for betre treningsmogelegheiter. Kunstgrasbana blir ikkje brøyta om vinteren som gjer det vanskeleg med utetreningar. T.d. har a-laget måtte søkje seg inn med treningstider i Florø idrettssenter for at ein skal få ei god oppkøyring til sesongen. Dette gir igjen større utgifter på t.d. køyregodtgjersle og leige av anna areal.

Ein kaldhall vil gi rom for at innandørsidrettane for meir plass og moegelegheit for utvikling av eksisterande idrettar, men også moegelegheit for framvekst av nye aktivitetar då ein kaldhall frigjer plass og mindre konkurranse om treningstider. Hallkapasiteten er ganske sprengt i vekedagane og vi «knivar» om treningstider i vinterhalvåret.

Ein vil kunne tilby både organisert, men også uorganisert aktivitet, då ein kaldhall kan nyttast til eigentrening og uorganisert trening for barn og unge som vil gi ein god helseeffekt og moegeleg tilkomst av nye spelarar. Med ein kaldhall er det også moglegheiter for leigeinntekter ved at andre klubbar vil ha moglegheita til å leige hallen.

Framlegg: Hovudlaget søkjer om midlar via Sparebanken Sogn og Fjordane til finansiering av ein slik hall.

Hovudlaget

Vi ber om at ønskje/behovet vert vidareført i arbeidet med Arena Eikefjord og ser det opp mot økonomi og utvikling av området.

Sak 10. Val hovedstyret – forslag frå valkomiteen

Sak 11. Val av kontrollkomite – forslag frå valkomiteen

Sak 12. Val av valnemd - forslag frå valkomiteen

Sak 13. Val av gruppestyrer m/ leiar i EIL- forslag frå gruppene

Arbeidsprogram hovudlaget 2024:

1. Økonomi
2. Drift av anlegga
3. Aktivitet i gruppene
4. Arena Eikefjord
5. Nye tursti-prosjekter
6. Vedlikehald turstier/kvilebu
7. Nytt lysanlegg kunstgrasbana
8. Ny kiosk på kunstgrasbana
9. Trim / aktivitet
10. Badstu på stranda /samarbeidsprosjekt med Eikefjord Grendalag